



---

## **SR 2015/53 Godkjenning av innkalling og dagsorden.**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

---

## **SR 2015/54 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 30.10.2015.**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 30.10.2015.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 30.10.2015.

---

## **SR 2015/55 Skriv, meldingar og drøftingssaker.**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv, meldingar og drøftingssaker vert lagt fram:

M 45/2015 KA: *Nasjonalt løft - sikring av kirkeinventar* (26.10.2015)

M 46/2015 Bjørgvin biskop: *En orientering om Bispemøtets vedtak om likekjønnet ekteskap* (05.11.2015)

M 47/2015 Drøfting om organisering/arbeidsform på soknerådsmøta denne perioden.

Mål for soknerådsmøta framover vert:

- Godkjenning av innkalling og dagsorden
- Samtale (om aktuelle tema)
- SR-saker
- FR-saker
- Avslutning

Ordinært møtetidspunkt kl 15.15 tysdagar

M 48/2015 Bjørgvin biskop: *Kyrkja i møte med flyktingane* (09.11.2015)

M 49/2015 KA: Kursinvitasjon til fellesråds kurs i Førde 29. februar

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv, meldingar og drøftingane til orientering.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv, meldingar og drøftingane til orientering.

---

## SR 2015/56 Oppnemning av underutval (SR)

### UTGREIING

#### Oppnemning av utval for Askvoll sokneråd si verksemd

Askvoll sokn har pr. i dag arbeidsutval, trusopplæringsutval og 7 kyrkjelydsutval i verksemda. I tillegg har Askvoll sokneråd eit administrasjonsutval og eit forhandlingsutval knytt til fellesrådsfunksjonen.

Alle utvala sin funksjonstid går ut ved årsskiftet, og desse må oppnemnast om dei skal halde fram verksemda.

Det ligg ikkje føre reglement for utvala, og dette bør ein få utarbeidd og vedteke.

Utvala har ei funksjonstid på år (2016-2019).

#### Arbeidsutvalet (AU)

Etter kyrkelova § 8, kan:

*Menighetsrådet (...) gi lederen eller denne og minst to av rådets medlemmer (arbeidsutvalg) fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelse i saker som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med hjemmel i slik fullmakt skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.*

Arbeidsutvalet i Askvoll har ikkje fått nokon generell fullmakt frå rådet, men har fatta beslutningar med fullmakt i enkeltsaker, og elles ved behov førebudd saker for soknerådet.

#### Trusopplæringsutvalet

Kyrkjeverja har ikkje klart å finne noko formelt reglement for trusopplæringsutvalet i Askvoll.

I førre periode har hovudfunksjonen vore å få utarbeidd lokal plan for trusopplæring, men i kommande periode bør arbeidet med iverksetjing av trusopplæringstiltak og vidareutvikling av planen.

#### Kyrkjelydsutvala

Når det gjeld kyrkjelydsutvala, står det i organisasjonsplan for soknet i samband med overgang til eittsoknskommune, at utvala sine oppgåver er:

- Gudstenestefornyng
- Finne kyrkjevertar/tekstlesarar
- Utarbeidde framlegg til offerlister
- Organisere kyrkjekaffi/kyrkjefrukostar og liknande.
- Arrangere friluftsgudstenester
- Drøfte/avklare saker som er delegert frå soknerådet

Kyrkjeverja tilrår at det ikkje vert vidareført eigne utval for Stongfjorden og Værlandet, i og med at desse stadene er tekne ut av den ordinære gudstenestestrukturen. I staden vert det føreslege felles utval for Værlandet/Bulandet, og utvala i Kvammen og Askvoll dekkjer Stongfjorden geografisk.

	<b>2012-2015</b>
<b>ARBEIDSUTVAL</b>	Ole Andreas Myrstad
	Anne Grethe Lien
	Stein Hugo Fykse
	Rune Ziener (sekr.)
<b>TRUSOPPLÆRINGSUTVAL</b>	Linda Karin Solheim
	Odgunn K. Grane
	Målfrid Hittun Fedøy
	Runhild Øvreås
	Ole Andreas Myrstad
	Eva Iren Landøy
	Hugrun Fedøy
	Trusopplærer
<b>KYRKJELYDSUTVAL</b>	
<b>ASKVOLL</b>	Linda Karin Solheim
	Oddvar Reidar Indrebø
	Jorunn Ringstad
	Ragnhild Holmelid
	Marie Ringstad
<b>BULANDET</b>	Arne Fedøy
	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel

	Målfrid Hittun Fedøy
	Reidun Melvær Norheim
<b>HOLMEDAL</b>	Anne Grethe Lien
	Kari Berit Ness
	Dagny Kristin S Haugsvær
	Jorunn Bull
	Anne Størdal
	Irene Hestvik
<b>KVAMMEN</b>	Ole Andreas Myrstad
	Anne Britt Ålen
	Anne Marie Sve Mandelid
	Marit Leknes Gryte
	Sigrid Lunde
<b>VILNES</b>	Odgunn K. Grane
	Jostein Vidar Takle
	Inger Lise Saltskår
	Ester Hugøy
	Edvin Landøy
	Kjellaug A Vilnes
	Agnar Vilnes
<b>STONGFJORDEN</b>	Edith Gjørøy
	Greta Holmar

	Sissel Vie
	Magnhild Osland
<b>VÆRLANDET</b>	Knut Landøy
	Asta Landøy
	Tone N Nybø

I og med at dagens administrasjonsutval og forhandlingsutval formelt er utval under fellesrådsdelen av soknerådet si verksemd, vert oppnemning av desse utvala føreteke når det nye soknerådet trer i funksjon som fellesråd (etter 1. desember).

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd oppnemner følgjande utval, med funksjonstid 01.01.2016-31.12.2019.

	<b>2016-2019</b>
<b>ARBEIDSUTVAL</b>	
<b>TRUSOPPLÆRINGSUTVAL</b>	
<b>KYRKJELYDSUTVAL</b>	
<b>ASKVOLL</b>	
<b>BULANDET</b>	
<b>HOLMEDAL</b>	
<b>KVAMMEN</b>	
<b>VILNES</b>	

## **MØTEHANDSAMING**

Forslag på medlemmer i utvala vart sett fram i møtet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd oppnemner følgjande utval, med funksjonstid 01.01.2016-31.12.2019.

	<b>2016-2019</b>
<b>ARBEIDSUTVAL</b>	Leiar
	Nestleiar
	Sokneprest
	Kyrkjeverje (sekretær)
<b>TRUSOPPLÆRINGSUTVAL</b>	Harriett Norstrand
	Knut Arne Kummeneje
	Ragnhild Stav (sekretær)
<b>KYRKJELYDSUTVAL</b>	
<b>ASKVOLL</b>	Ingvild Loftheim
	Aud Eldrid Føholm
<b>BULANDET</b>	Arne Fedøy
	Tone Nybø
	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy
<b>HOLMEDAL</b>	Terje Mork
<b>KVAMMEN</b>	Halldis Rørvik
<b>VILNES</b>	Else Stølen
	Gunn Sætre

2. Supplerande oppnemning vert gjort i neste møte.

---

## SR 2015/57 Kyrkjevalet 2015. Indirekte valomgang, leke medlemmer.

### UTGREIING

Den indirekte valomgangen til resterande tre leke medlemmer til Bjørgvin bispedømmeråd skal finne stad i perioden 1. november-30. november i valåret.

Alle soknerådsmedlemmer i bispedømmet (med unntak av geistlege medlemmer eller lek kyrkjeleg tilsette rådsmedlemmer som har røysterett på lek kyrkjeleg tilsett medlem) har røysterett.

Kvart medlem føretek individuell og hemmeleg avrøysting og leverer eigen røystesetel.

Ein kan gje tilleggsrøyst på inntil tre av kandidatane.

Røystesetel leggst i nøytral røystesetelkonvolutt.

Før røystinga tek til, bør rådet setje seg inn i valet, drøfte kandidatane og setje seg inn i kva dei står for.

### INNSTILLING

Ingen.

### MØTEHANDSAMING

Valet vart gjennomført i møtet.

### VEDTAK

Ikkje vedtak i saka.

---

## SR 2015/58 Offerliste 1. halvår 2016

### UTGREIING

Det er utarbeidd ein førebels gudstenesteplan for første halvår 2016.

Kyrkjelydsutvala har fått tilsendt lista, og vil komme med forslag til offerføremål.

Innkomne forslag vil verte lagt fram i møtet.

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Type	Offerføremål
Askvoll kyrkje	17.01.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	31.01.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	14.02.2016	19:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	28.02.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Askvoll kyrkje	13.03.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Institutt for sjelesorg (Modum Bad)
Askvoll kyrkje	27.03.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydens Misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	03.04.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Søndagsskuleforbundet (Bergen krins)
Askvoll kyrkje	10.04.2016	13:45	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet



Askvoll kyrkje	08.05.2016	11:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	15.05.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Askvoll kyrkje	17.05.2016	00:00	Tirsdag	Vanleg gudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	29.05.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Sjelesorgsenteret Haraldsplass
Bulandet kapell	10.01.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Søndagsskuleforbundet (Bergen krins)
Bulandet kapell	07.02.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjebladet
Bulandet kapell	06.03.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	27.03.2016	12:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Bulandet kapell	01.05.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Bedehusklubben på Værlandet
Bulandet kapell	21.05.2016	11:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudsteneste	Bulandet kapell
Holmedal kyrkje	01.01.2016	17:00	Fredag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydens Misjonsprosjekt
Holmedal kyrkje	24.01.2016	19:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	21.02.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjebladet
Holmedal kyrkje	25.03.2016	19:00	Fredag	Gudstjeneste (Langfredag)	Ikkje offer
Holmedal kyrkje	17.04.2016	19:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	24.04.2016	11:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Holmedal Bedehus
Holmedal kyrkje	17.05.2016	11:00	Tirsdag	Gudstjeneste	Holmedal kyrkje
Kvammen kapell	10.01.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	07.02.2016	19:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjebladet
Kvammen kapell	28.02.2016	15:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Det Norske Misjonsselskap
Kvammen kapell	24.03.2016	19:00	Torsdag	Vanleg gudsteneste (Skjærtorsdag)	Kvammen kapell
Kvammen kapell	03.04.2016	17:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Skillbrei Ungdomssenter
Kvammen kapell	22.05.2016	12:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Jonasklubben
Stongfjorden kapell	06.03.2016	19:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Stongfjorden Bedehuskapell
Stongfjorden kapell	22.05.2016	10:00	Søndag	Konfirmasjonsgudsteneste	Stongfjorden Bedehuskapell
Vilnes kyrkje	24.01.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kumle bedehus
Vilnes kyrkje	14.02.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjebladet
Vilnes kyrkje	13.03.2016	19:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Vilnes kyrkje	18.03.2016	10:00	Fredag	Skulegudsteneste	Ikkje offer
Vilnes kyrkje	17.04.2016	11:00	Søndag	Vanleg gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Vilnes kyrkje	14.05.2016	11:00	Lørdag	Konfirmasjonsgudsteneste	Vilnes kyrkje

## SAMRØYSTES VEDTAK

Forslag til offerliste vart sett fram i møtet.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlista som den vart sett fram i møtet.

---

## **SR 2015/59 Møteplan 1. halvår 2016**

### **UTGREIING**

Det bør verte utarbeidd ein møteplan for første halvår 2015.

Soknerådet kan vurdere om ein skal halde fram med møte om lag ein gong pr. månad.

Nokre saker som ein veit vil komme er sett inn i planforslaget, og det er lagt opp til at soknerådet får synfaring ved alle kyrkjebygga første halvår.

Forslag til møteplan:

Torsdag 14. januar med synfaring Askvoll kyrkje og kyrkjegard (vedta årsbudsjett 2016, oppnemne administrasjonsutval og forhandlingsutval)

Tysdag 23. februar med synfaring Holmedal kyrkje (vedta årsrekneskap og årsmelding 2015)

Tysdag 15. mars med synfaring Kvammen kapell

Tysdag 19. april med synfaring Vilnes kyrkje

Tysdag 24. mai med synfaring Stongfjorden kapell

Tysdag 14. juni (vedta offerliste 2. halvår 2016)

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for 1. halvår 2016 som den ligg i forslaget frå kyrkjeverja.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for 1. halvår 2016 som den ligg i forslaget frå kyrkjeverja.